

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 02.02.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Bård Humberset  
**SAKA GJELD:** **Plan for internrevisjonen 2017-2018**

**ARKIVSAK:** 2017/64  
**STYRESAK:** **032/17**

**STYREMØTE:** **07.03. 2017**

---

### **FORSLAG TIL VEDTAK**

Styret godkjenner forslaget til ny plan for internrevisjon 2017-2018.

## Oppsummering

Plan for internrevisjon vert utarbeidd med ein tidshorisont på to år og med årleg rullering. Det vedlagte planforslaget gjeld 2017 og 2018. Planarbeidet for kommande periode har vore gjennom ein prosess med mellom anna fleire behandlingar i revisjonsutvalet og med innspel frå helseføretaka og andre.

Inn i året har vi med oss to revisjonsprosjekt frå førre plan (2016-2017). Dei vil bli ferdigstilte i første halvår 2017. Det gjeld:

- Internkontroll rundt oppfølging av regionale planar
- Forsking som grunnlag for kunnskapsoverføring og kvalitetsforbetring

For perioden 2017 og 2018 er det elles sju tema/prosjekt som i vedlagte planutkast er føreslått prioriterte:

1. Kontraktstrategi og avtaleoppfølging
2. Helseføretaka sine samarbeidsprosjekt i utviklingsland
3. IKT-tryggleik
4. Matforsyning
5. Avansert oppgåveplanlegging
6. Avtalelojalitet i helseføretaka
7. Internkontroll og risikostyring

Revisjonsutvalet hadde planforslaget til behandling 01.02.2017. Følgjande er protokollert (protokoll er ikkje formelt godkjend.)

*"Vedtak (samrøystes):*

*Revisjonsutvalet rår styret til å vedta framlagte forslag til plan for internrevisjon 2017-2018."*

Vedlegg:

Forslag til plan for internrevisjon 2017-2018